

Mora vart dømt for å rise dottera

■ Tingretten: - Høyrer ikkje heime i dagens barneoppseding

Ei mor vart så sinna på den fem år gamle dottera si at ho slo henne ein gong med bjørkeris. No er ho straffa.

ARNE OLE LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Kvinna vart tiltalt for brot på straffelovs paragraf 228, som omhandlar lekamsfornerming.

Mora tilstod det ho hadde gjort. No har Hallingdal tingrett dømt henne til samsfunnsstraff i 30 timar, med ei gjennomføringstid på 90 dagar.



DØMT FOR VALD: Saka var oppe i Hallingdal tingrett. Rettsdokumenta seier ingenting om korleis saka vart fanga opp av domstolane.

Slo i frustrasjon

Slaget kom i rein frustrasjon. Det heile skjeddde i i februar. Åstaden var heimen til familien som ligg i Hallingdal.

Den eldste dottera sat og gjorde lekser. Ho vart forstyrret av den fem år gamle veslesyster. Sjølv om mora bad henne vere i fred, lystra ikkje femåringen. Då gjekk mor ut og henta eit bjørkeris. Då

veslesøster heldt fram med å forstyrre storesøster, vart mor så sint at ho slo til femåringen med bjørkeriset.

I retten forklarte ho at ho prøvde å treffe rumpa, men ho treffe høgare lår i staden. Slaget var så hardt at det var merke i huden.

Ho erkjende i retten også

at ho for lenge sidan slo jenta på rumpa med handa då jenta ikkje høyrde etter.

Får kritikk

Mora slo for å oppdra dottera, men det vart ikkje teke som unnskylgning for å sleppe tiltale og straff.

- Å rise eit barn med bjørkeris er straffbart og høyrer ikkje heime i dagens barneoppseding, slår retten fast.

Dessutan understrekar retten at det er skjerpande at det vart brukt vald mot eit barn på fem år. I formildande retning legg retten vekt på at mora har erkjent at handlinga var forferdeleg.

- Målet er å utvikle Hallingskarvet Fjellgrend til ein destinasjon med heilårsdrift, uttalte Hegbom til Hallingdølen i juli.

Opna veg til Hallinggrenda

Tilkomstvegen til Hallingskarvet Fjellgrend i Sudndalen står ferdig. Ordførar Tony A. Kjøl opna vegen laurdag.

KJELL SLÅTTEN
ks@hallingdolen.no

I den godkjende reguleringsplanen for området er det opna for til saman 600 fritidseigedommar fordelt på fleire felt. Byggetrinn 1 er «Hallinggrenda» med 42 tomter. Det er dit vegen på ca. 1,2 kilometer no står klar.

Heilårsdrift

Even B. Hegbom er styreleiar i Hallingskarvet Fjellgrend AS. Han er også hovudaksjonær gjennom to av investeringsselskapa sine. Også dagleg leiar Jan Ivar Brataas er medeigar.

Arbeidet med veg, vatn og kloakk til «Hallinggrenda» starta tidleg i juli, med Hol Anlegg AS som lokal entreprenør. Planen er å bygge ut eit tilsvarande hyttefelt neste år.

- Målet er å utvikle Hallingskarvet Fjellgrend til ein destinasjon med heilårsdrift, uttalte Hegbom til Hallingdølen i juli.

Sudndalen ligg strategisk til. Målgruppa for fjellgrenda er familiar med normale lommebøker som er glade i friluftsliv og brukar naturen året rundt.

20 mill. så langt

Til no er det investert om lag 20 mill. kroner i utbygginga. Det er stort sett berre lokale entreprenørar som har hatt oppdrag.

Samstundes vart det arrangert visning som enda med at to skreiv kontrakt og ein reservert tomte.

- Marknaden er på ingen måte som før finanskrisa. Det er selt 13 tomter dette året, enkelte med hytte på. Oppnår me seks kontraktar til i år, er det betre enn budsjettet. Samanlikna med situasjonen mange andre stader, er eg gledeleg overraska om interesse i Sudndalen. Den gir grunn til optimisme, meiner Hegbom.

- Ris ei kortsiktig og dårleg løysing

Å ta fram bjørkeriset er ikkje vegen å gå dersom det kokar over.

- Det kan vere ein løysing der og då. Men det er ei dårleg løysing, seier Are Karlsen.

Han er spaltist, foredrags-haldar og medforfattar av boka «Foreldrelappen».

Før i tida var det ikkje uvanleg å truge villstyrige ungar med bjørkeriset. Og det var nok mange som fekk smake det også. Men det er ikkje noko ekspertane tilrår i dag.

- Noko er vorte betre, seier Karlsen.

- Fysisk straff har ingen po-

sitiv effekt. Men det ein veit er at barn som har fått juling kan føre det vidare. Me veit også at barn som blir utsett for eit strengt regime heime, ofte teke dette ut på ein annan arena.

- Men kva gjer ein frustrert mor eller far når det kokar som verst?

- Det gjeld å ikkje ta dei feil vala. For eksempel kan ein heller bli oppteken av det barna gjer som er bra. Det er sjølv sagt ei utfordring når det kokar. Men ris har iallfall ingen positiv langsiktig effekt. Det er ei kortsiktig og dårleg løysing, seier Are Karlsen.

50 mill. kroner til dobbeltspor i Ulriken

Regjeringa legg 50 mill. kroner på bordet til dobbeltspor i Ulrikstunnelen.

KJELL SLÅTTEN
ks@hallingdolen.no

Dette har lenge stått som eit sentralt prosjekt i opprustinga av Bergensbanen. Regjeringa har gjentekne gonger lovd at togturen Bergen-Oslo skal gå raskare. Forskjellen er at no kjem pengane, melder NRK Hordaland.

Lekkasje

Onsdag føremiddag troppa ein delegasjon frå dei tre regjeringspartia opp på jernbanestasjonen i Bergen med ein nøy planlagd lekkasje frå statsbudsjettet som blir lagt fram komande måndag.

Med SV-leiar Audun Lysbakken i spissen kunne dei fortelje at regjeringa har sett av ei oppstartsløyving på 50 mill. kroner til bygging av dobbeltspor og nytt tunnel-løp mellom Bergen sentrum og bydelen Arna.

Prosjektet er totalt berekna å koste ca. 3,2 milliardar kroner.

- Oppstartsløyvinga gjer at arbeidet kan begynne i 2013. Det betyr at dobbeltsporet og det nye løpet i Ulrikstunnelen vil stå ferdig ein gong i 2018 eller 2019, sa Lysbakken.

Europas travlaste

Den nesten 8 kilometer lange Ulrikstunnelen er Europas mest trafikkerte einsporstunnel. Dagleg durar det 130 tog gjennom tunnelen. Det er 50

fleire enn han er berekna for.

- Dette er veldig viktig for at Vossebanen og heile Bergensbanen skal fungere betre, uttalte Aps Magne Rommetveit.

Når det nye sporet står ferdig, vil frekvensen kunne aukast frå to til fire tog i timen kvar veg mellom Bergen og Arna. Setekapasiteten på strekinga vil kunne doblast.

Det blir tryggingssluser fleire stader mellom dei to tunneløpa.

For godstog vil dobbeltsporet gi frå 10 til 30 minutt kortare reisetid mellom Oslo og Bergen.

Ved sida av Ringeriksbanen er dobbeltspor i Ulrikstunnelen sett som det viktigaste prosjektet for å ned reisetida mellom Norges to største byar.



Vi gratulerer vinnerne av vårt ungdomsstipend Opp og Frem 2012 og ønsker lykke til vidare!